



VINJE KOMMUNE

---

# Samarbeid om etablering av poliklinikk for oppfølging av pasientar med hjartesvikt

---

## Prosjektrapport - Desember 2021

Prosjektet er eit samarbeid mellom Sykehuset Telemark Helseforetak (STHF) - Notodden og Vinje kommune. Målsetjinga med prosjektet har vore å etablere hjartesviktpoliklinikk i Vinje, for å redusere reisevegen for pasientar med hjartesvikt, som får oppfølging ved Notodden sjukehus og samstundes nytte og vidareutvikle fagkompetansen hjå tilsette i Vinje kommune.

---

## **Innhold**

Forord .....	2
Bakgrunn for prosjektet.....	3
Målsetjing .....	3
Organisering av prosjektet .....	3
Økonomi .....	3
Status ved avslutta prosjektperiode .....	4
Overgang til drift per 01.12.21.....	4

## **Forord**

Arbeide med etablering av Hjartesvikpoliklinikk i Vinje starta i 2020 etter initiativ frå kommuneoverlegen i Vinje kommune. Tanken bak initiativet var å redusere behovet for å reise frå heimekommunen til oppfølging og kontroll ved Notodden sjukehus, samstundes som det var eit ynskje om å bruke og å vidareutvikle kompetanse lokalt og skape attraktive arbeidsplassar i kommunen.

Hjartesvikpoliklinikken er etablert i ein periode der Koronapandemien har teke mykje tid og merksemd og det er grunn til å vera stolte over at kommunen og sjukehuset lykkast med å nå målsetjinga om å etablere ein lokal hjartesvikpoliklinikk i denne perioden.

Hjartesvikpoliklinikken i Åmot opna 15. november og er nå ein del av det ordinære helsetilbodet i Vinje kommune.

29.11.2021.

Kari Gro Espeland

Prosjektleiar – Samhandling om pasientar med hjartesvikt  
Samhandlingskoordinator STHF og kommunane i Vest-Telemark

## Bakgrunn for prosjektet

Prosjektet *Samhandling om pasientar med hjartesvikt* starta i 2020, med målsetjing om å fylgje opp pasientar med hjartesvikt lokalt i Vinje kommune. Bakrunnen for denne satsinga var ynskje om å redusere reisevegen til behandlingsstaden og den belastninga lang reiseveg medfører, samt å styrke kompetansen og auke attraktiviteten på arbeidsplassar i kommunen.

Vinje kommune hadde også ei målsetjing om å gje tett og god oppfølging til alle pasientar med hjartesvikt, dvs. at hjartesviktpoliklinikken også skal vera eit tilbod til pasientar med hjartesvikt, som ikkje er under oppfølging ved Notodden sjukehus, og som dermed kan bli vist til den lokale hjartesviktpoliklinikken frå eigen fastlege. Pasientar i målgruppa kan også nyte tilboden ved sjølv å ta direkte kontakt med poliklinikken for å få råd og retteleiing i høve til medikamentbruk og livsstil.

## Målsetjing

Resultatmål:

- Det vert etablert Hjartesviktpoliklinikk i Vinje kommune

Effektmål:

- Tideleg oppdaging og diagnostisering
- Tett oppfølging ved endring av tilstand
- Optimalisering av pasientens funksjonsnivå gjennom råd og retteleiing i f.h.t. medikamentbruk og livsstil
- Redusere reisevegen for pasientar til behandlingsstaden
- Reduserte transportkostnader (samfunnsøkonomisk)
- Målretta bruk av oppdatert kompetanse

## Organisering av prosjektet

Prosjektleiar: Samhandlingskoordinator

Styringsgruppe:

Seksjonsleiar medisinsk klinikk STHF – Notodden  
Kardiolog medisinsk klinikk STHF - Notodden  
Kommunalsjef helse og omsorg - Vinje kommune  
Kommuneoverlege - Vinje kommune

Prosjektgruppe/ arbeidsgruppe:

Kardiologisk sjukepleiar - Vinje kommune  
Kommuneoverlege - Vinje kommune  
Kardiologisk sjukepleiar – medisinsk klinikk STHF - Notodden  
Kardiolog medisinsk klinikk STHF - Notodden

## Økonomi

Kostnader i prosjektperioden er dekt innanfor ordinært driftsbudsjetten ved STHF og i Vinje kommune.

Faste auka kostnader etter prosjektperioden blir lønnskostnader tilsvarende spesialsjukepleiar i 20% stilling. Andre ev. kostnader vert dekt innan for det ordinære driftsbudsjetten for helse og omsorg i Vinje kommune.

Inntekter som følgje av konsultasjonar ved hjartesviktpoliklinikken, som blir registrert i STHF sitt fagsystem vert godskrive Vinje kommune.

## **Status ved avslutta prosjektperiode**

**Fylgjande tiltak er gjennomført i løpet av prosjektperioden:**

Avtaler som er utarbeidd og signert:

- Avtale mellom Sykehuset Telemark HF avdeling Notodden sjukehus og Vinje kommune ang. poliklinisk oppfølging av pasienter med hjertesvikt.

Kompetansehevende tiltak som er gjennomført i prosjektperioden:

- Hospitering ved hjartesviktpoliklinikken STHF Notodden og Skien
- Internundervisning i Vinje for fastlegar og kardiologisk sjukepleiar v/ kardiolog ved STHF avdeling Notodden.

Prosedyrar og retningslinjer:

- Prosedyrar som vert nytta ved hjartesviktpoliklinikken ved STHF er overført til poliklinikken i Vinje
- Det er utarbeid interne rutinar for oppfølging av pasientar som ikkje vert overført frå STHF avdeling Notodden, men vert henvist direkte frå fastlege eller sjølv tek direkte kontakt med hjartesviktpoliklinikken.

Andre tiltak og aktivitetar:

- Styringsgruppa har hatt møte om lag annan kvar månad for å bli oppdatert på framdrift og ta ev. avgjerder på overordna nivå
- Prosjektgruppa/ arbeidsgruppa har hatt møte ved behov
- Informasjonsbrosyre er utarbeid til distribusjon i kommunane og på STHF
- Prosjektet har fått medieomtale både i lokalavisa og på STHF sitt intranett og i sosiale media.

## **Overgang til drift per 01.12.21. og vege vidare**

Ved tidspunktet for opning av hjartesviktpoliklinikken i Vinje var det to pasientar som vart overført frå STHF avdeling Notodden til kontrollar i Vinje. Talet på pasientar som er under behandling for hjartesvikt varierer til ei kvar tid, samstundes som kjennskapen til tilgangen på behandling i Vinje også truleg vil påverke og auke pasientgrunnlaget.

Fastlegane i Vinje har fleire pasientar på sine lister, som kan vera aktuelle brukarar av tilbodet for kontrollar og rettleiing frå kardiologisk sjukepleiarar.

Samarbeidet mellom STHF og kommunane, både formelt og uformelt, fungerer bra og sikrar tryggleik og god kvalitet på tenestene. Det er låg terskel for å ta kontakt og formelle avtaler sikrar føreseielege rammer for arbeidet. Det bør i tida framover gjennomførast 1 – 2 samarbeidsmøte per halvår, for å ta opp relevante tema som til dømes pasientgrunnlag og kompetanseheving. Det bør også vurderast om hjartesviktpoliklinikken ved STHF – avdeling Skien skal vera brukarar av tilbodet i Vinje, på lik linje med STHF – avdeling Notodden.

Tilsvarande tilbod kan med fordel etablerast i fleire kommunar.